



INFORMASJONSHEFTE

Heddeli barnehage

Seljord kommune



Adresse: Gullnesvegen 13, 3840 Seljord
Telefonnummer: 35051352 / 35051353 (småbarna)
E-post: heddeli.barnehage.@seljord.kommune.no
Styrar: Heidi Haugerud/Nina Merete Bakkåker
Opningstid: Måndag til fredag kl.07.30 – 16.30
Barnehagepersonalet har 5 planleggingsdagar i året. Då er barnehagen stengd. I tillegg er barnehagen stengd f.o.m. jolaften t.o.m. 1.nyttårdag, og i veke 28, 29, 30.

Seljord kommune si heimeside: www.seljord.kommune.no

Organisering

Heddeli barnehage er organisera saman med Flatdal barnehage. Barnehagane er sjølvstendige einingar med eigen årsplan og samarbeidsutval.

Barnehagen har omlag 60 plassar for barn frå 1 år.

Dei yngste barna har eigne lokale og eigen leikeplass. Når dei treng fleire utfordringar vil barna bruke inne- og ute lokala til dei eldre barna.

Dei eldste barna bruker resten av huset og den store leikeplassen.

Barnehagen har og ein lavvo og bål plass i skogen som alle gruppene brukar.

Barna har sin base i aldersdela grupper. Kvar gruppe har sitt faste personale og kvart barn har sin kontaktperson.

Vi vil at barnehagen skal vere ein heilskap, så barna leikar på tvers av gruppene formiddag og ettermiddag. Barna er så mykje som mogeleg i små grupper med ein eller to vaksne. Ved å organisere barna i små grupper blir støynivået redusert og læringsmiljøet styrka.

Frå omlag kl.10.00 – 12.30 er vi i aldersdela grupper. Då er det tilrettelagte aktivitetar som lavvo, turar, samling, temaarbeid, matlaging, måltid, kvilestund og garderobe.

I ein barnehage er det mykje praktisk arbeid som må gjerast. Barna er med når det er mogeleg.

Informasjonsrutinar

Alt innhald i barnehagen er bygd på Lov om barnehagar, Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune, nasjonal og lokal rammeplan.

Barnehagane i Seljord har hatt ein prøveperiode våren 2018 og innfører for fullt MyKid frå august 2018. MyKid er eit kommunikasjonsverktøy mellom heim og barnehage. Der ligg det praktisk informasjon, beskjedar frå heimen til barnehage og frå barnehage til heimen.

Vekeplan og månadsbrev blir lagt inn i MyKid.

Det heng lister som fortel kva for barn og vaksne som er i barnehagen til ei kvar tid.

Årsplanen, som er barnehagen sitt program for barnehageåret, kjem i august/september.

Barnehagedagen

07.30 Barnehagen opnar. Leik inne og ute.

07.45 - 08.30 Frukost

10.00 - 12.30 Arbeid i aldersdela grupper. Samling, leikegrupper, spelegrupper, formingsgrupper, måltid, kvilestund, garderobe, lavvo, turar.

12.30 - 16.30 Leik ute og inne.

14.15 Enkelt brødmåltid. Frukt og grønnsaker.

16.30 Barnehagen stenger

Alle klokkeslett gjennom dagen er omtrentlege.

Dei yngste barna et og søv etter avtale med foreldra.

" Dagens hjelper " hjelper til med dagtavla gjennom dagen.

Dagtavla er ei tavle der bilete av gjeremål gjennom dagen er satt opp kronologisk

Starten på dagen

Barna kryssast inn av foreldra (p.g.a. brannforskrifter) og vaskar hender (reduserer smitte). Barn og foreldre går inn på eit leikerom eller kjøkkenet og helsar god morgon.

Måltid

Det er tilbod om frukost frå kl.7.45 til kl. 08.30.

Formiddagsmat er omlag kl. 11.30. Måltidet skal vere hyggeleg og barna skal oppleve matglede. Barna skal øve seg på å smøre mat, helle mjølk og skjære ost.

Dei skal lære bordskikk, som t.d. ”kan du sende meg osten”, snakke roleg, ete fint og takke for maten. Vi startar måltidet med ein bordsong.

Til formiddagsmat et vi brød og pålegg. Mykje av brødet bakar vi sjølv.

Maten skal vere sunn og næringsrik.

Frukt, grønnsaker og brød blir servera ca. kl.14.00.

To gongar i månaden har vi varm mat. Matgrupper, der barna deltek etter tur, lager maten.

Vi har ei menyliste inspirera av årstidene, lokal tradisjon og andre kulturar som er representera i barnehagen.

Barna skal få kunnskap om kva som er sunn mat, kor maten kjem frå og erfare forskjellige smakar. Barna skal vere med å forberede måltida, rydde og sortere søppel.

Samling. I samlinga skal barna øve opp konsentrasjon, stimulere språkutviklinga, bli kjend med song, musikk, litteratur, lokal kultur og inspirere til leik. Innhaldet i samlinga vil vere prega av årstider, høgtider og ulike prosjekt.

Ein gong i månaden har heile barnehagen felles musikk-samling.

Leikegrupper er små grupper vaksne har satt saman. Leiken har eit tema og eit pedagogisk formål, t. d. samarbeid, utviding av leiketema, venskap, sosiale erfaringar.

Spelegrupper er barn og vaksne som spelar spel. Barna skal erfare å vente på tur, å samarbeide, tape og vinne. Speling hjelper til å utvikle språk, omgrep og matematikkforståing og gjev sosiale opplevingar.

Forming er vaksenstyrte grupper der barna skal møte ulike kunststartar og kulturelle uttrykk. Barna skal erfare ulike materialar og teknikkar. Dei skal og utvikle og uttrykke fantasi og kreativitet.

Kvilestund. Barnehagedagen kan vere hektisk. Barn har det best og utviklar seg mest når dei er utkvilte. Alle har nytte av å kvile litt. Dei yngste søv i vognene sine. Dei eldste slappar av med lydbok, høgtlesing eller roleg musikk.

Lesing. Barna skal bli glad i bøker og vite korleis ein behandlar dei. Bøker er tilgjengeleg for barna til ein kvar tid, ute og inne. Vi les i samlinga, samtalar om det vi les og nyttar biblioteket. Vi ynskjer at barna blir lest for kvar dag.

I garderoben skal barna få god tid til å øve på å kle seg sjølve og erfare kva som er egna klede ved ymse vær og temperatur. Ekstra skift skal ligge i boksen/posen i garderoben. Barna skal inspirerast til å hjelpe kvarandre og å halde orden i garderobehylla si. Foreldra må også ta ein sjekk om barna har det dei treng av klede.

Slutten på dagen

Personalet vil gjerne fortelje litt om korleis dagen har vore for barna, men det er ikkje alltid ein får dette til. Ta difor gjerne kontakt med personalet. **Foreldra kryssar barna ut. (p.g.a. brannforskrifter) og seier ifrå når dei går.**

Oppfølging av kvart enkelt barn

Når barnet har fått plass i barnehagen blir dei invitert til eit besøk i barnehagen og to opne dagar for alle nye barn og foreldre. Etter det fyrste besøket oppmuntrast barn og foreldre til å kome mykje på besøk fram til barnehagestart.

Den fyrste tida i barnehagen vil barnet møte mange nye vaksne. Barnet treng tid til å bli kjend og trygg i barnehagen og få tillit til nokre av dei vaksne. Foreldra må difor setje av tid til å fylgje barna i barnehagen dei fyrste dagane og vere tilgjengelege ved behov i oppstartfasen. Mange arbeidsplassar gjev inntil 3 dagar permisjon for tilvenning i barnehage.

Kvart barn har sin kontaktperson som hjelper barnet til å bli kjend og trygg.

Når barnet startar i barnehagen er kontaktpersonen viktig. Etter kvart får barnet like mykje med andre i personalet å gjere.

Barn som skal flytte frå småbarngruppa til den "store" sida får tid til å bli kjend der. Foreldra blir orientert i foreldresamtalar.

Ved fråvær i personalet kan det hende at ingen av personalet på gruppa til barnet ditt er tilstade på morgon eller ettermiddag. Informasjon og beskjedar om barnet kan gjevast til alle i personalet.

Alle barna blir følgt opp ved systematisk og usystematisk observasjon. I samtalar og observasjonar har personalet fokus på korleis barnet opplever barnehagelivet.

Barnesamtale, avpassar etter alder, med kvart barn blir gjennomført ein gong i året. Tema for samtala er korleis barnet set ord på livet sitt i barnehagen.

Barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet blir drøfta med foreldra i foreldresamtaler haust og vår. Tema kan vere helse, læring, trivsel, leik, sosialt samspel. Foreldre og personalet finn saman ut kva ein skal legge vekt på i oppfølginga av barnet. Ved behov kan foreldre eller personale ta initiativ til fleire samtalar.

Den daglege kontakten ved levering og henting er den viktigaste samarbeidsforma mellom foreldra og personalet.

Det er avgjerande å få opplysningar om barnet si helse, behov, ønskjer og opplevingar, slik at vi kan gje barnet best mogleg omsorg og oppfølging.

Det siste året i barnehagen skal barna bli kjend på skulen. Barnehagane og skulen har ei samarbeidsavtale.

Innhald i barnehagen

Personalet skal skape ein barnehage fylt med leik, læring, humor, glede, tryggleik omsorg og danning.

Personalet legg vekt på ein roleg og hyggeleg barnehagedag med minst mogeleg avbrot i leiken til barna. Leiken har sin eigen verdi, og i leiken skjer det og viktige læreprosessar.

Samspel mellom barn – barn og barn - vaksen er viktig i denne samanhengen. Personalet vil vere aktivt deltakande og observerande i leiken og aktivitetane til barna. Dei skal vere utviklingsstøttande. Det betyr å sjå og støtte det enkelte barn sin utvikling ut frå

personlegdomen til barnet, og i leik og gjeremål tilføre nye moglegheiter og innhald. I samvær med barna, enkeltvis og i grupper, legg vi stor vekt på samtalen som metode.

Utvikling av god språkforståing er viktig for å mestre leik, læring og samvær med andre. Vi har difor stort fokus på språk og har eigne språkgrupper for barn som ikkje har norsk som morsmål.

Vi har fokus på korleis den vaksne møter det enkelte barn slik at barnet sin integritet blir ivaretatt samtidig som omsynet til dei andre barna også blir ivaretatt. Å hjelpe barna til utvikling av sosial handlingsdugleik, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebygge diskriminering, mobbing, utjamne sosiale forskjellar og likestille gut og jente. Utvikling av sosial kompetanse hos barn er nødvendig for å kunne vere saman med andre, løyse konflikter, vere hjelpsam, arbeide i grupper, samarbeide og forstå korleis andre har det.

Slike ferdigheter må ein utvikle for å kunne bidra til eit likestilt samfunn. Grunnlaget for desse ferdighetane blir lagt i førskulealder. Personalet legg vekt på å hjelpe barna til å utvikle desse ferdighetene.

Tema i aldersdela grupper

Barnehagane i Seljord har utvikla ein "språkperm" der innhaldet i barnehagen om lokal kultur, dikt, rim, reglar, drama, song, musikk og nærliggande tema er skissera for dei ulike gruppene.

Barnehagen har konkretisera og samla i ein perm kva og kvifor vi gjer det vi gjer i dei ulike aldersgruppene på fylgjande områder: lokalkultur, turdag, rutinesituasjonar, leiken, lesing, samling, fysisk aktivitet, lavvo, matlaging, forming, musikk. IKT, kulturar som er representera i barnehagen og solidaritetsarbeid. Innhald og arbeidsoppgåver er tilpassa dei forskjellige aldersgrupper og bygger på kvarandre. Kravet i Rammeplanen til korleis personalet skal møte barna er tydelege og omfattande. Dette er spesielt tydeleg innanfor dei enkelte fagområda.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst**
- Kropp, rørsle, mat og helse**
- Kunst, kultur og kreativitet**
- Natur, miljø og teknologi**
- Mengd, rom og form**
- Etikk, religion og filosofi**
- Nærmiljø og samfunn**

Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforskning og skapande aktivitetar.

Fagområda går i kvarandre. I løpet av ein barnehagedag og eit barnehageliv er vi innom alle fagområda.

Meir om innhald finn du i omtala av den einskilde gruppa i årsplanen.

Høgtider og merkedagar

- **Fødselsdagar** blir markera med at eit bilete av fødselsdagsbarnet hengast opp, barnet tenner ljøs, og er med å heise flagg og vi syng bursdagssong. Invitasjonar til fødselsdagselskap skal ikkje leverast i barnehagen.
- **Dyrsku`n.** Dei ulike gruppene har alltid eit tema knytt til Dyrsku`n.
- **FN dagen** og verdsbarnedagen blir markera ved å bli betre kjend med tradisjonar frå andre kulturar som er representera i barnehagen.
- **Jol og advent** blir markera med tradisjonell bakst, julepynt, songar og forteljingar.
- **Samefolkets** dag 6.febr. blir markera med samefolkets flagg og tradisjonar.
- **Fastelavn** blir markera med karneval.
- **Påske** blir markera med egna litteratur, songar, formingsaktivitetar og sett i samanheng med våren.
- **17.mai** blir markera med forteljingar om 17.mai, barna blir kjend med nasjonalsongen, andre 17.mai-songar, Wergeland og historia om kvifor vi feirar 17. mai. Barna lærer om flagget
- **Markering** av høgtider knytt til andre tradisjonar og kulturar blir gjort i samarbeid med heimane.

Barns rett til medverknad.

Rammeplanen for barnehagar krev at barna skal vere med å bestemme i sitt eige barnehageliv tilpassa alder og modning. Barna skal både få oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølve og uttrykke eigne intensjonar. Barn må støttas til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre, til å delta og prøve seg fram. Vi jobbar difor systematisk med den vaksne si rolle i møte med barnet og barnegruppa. Det siste året i barnehagen er barna med å planlegge innhaldet i barnehagedagen. I denne prosessen skal barna og få eit innblikk i kva demokrati er.

Dokumentasjon, vurdering og personalutvikling

Vi skriv litt om kva vi har gjort gjennom dagen i MyKid.

På personalmøter blir det drøfta og reflektera omkring vaksenrolla i barnehagen og om korleis vi kan skape ein barnehage som er i tråd med Rammeplanen.

Lokal Rammeplan for Seljord gir ei kortfatta informasjon om den felles målsettinga kommunale barnehagar i Seljord arbeider etter og kva barnehagane skal vurdere.

Barnehagen som organisasjon, om vi arbeider i forhold til lokale og sentrale målsettingar og om dei pedagogiske metodane vi bruker fungerer, blir vurdert i personalmøta, på planleggingsdagar, i samarbeidsutval og i samtalar med barna og foreldra.

Fagtreff, pedagogmøte, delar av planleggingsdagar, personalmøte og medarbeidersamtaler blir bruka til personalutvikling.

Det enkelte barn sitt utbytte av barnehagedagen blir vurdert gjennom observasjon, i personalmøtar, i foreldresamtaler og i samtalar med det enkelte barn.

Alle barnegruppene har PC/Ipad som blir bruka i det pedagogiske arbeidet bl.a. til dokumentasjon.

Barnehagen har samla lokale segn, soger, historier, songar m.m. Det skal kvart år dokumenterast kva for lokale segn og liknande den enkelte barnegruppe har jobba med.

Utstilling i garderobane, tekstskaping, bilete, teikningar, måleri m.m. på veggane dokumenterar og det arbeidet som blir gjort av barn og vaksne i barnehagen.

Når barna sluttar i barnehagen får dei med seg ei mappe med eit utval arbeid dei har laga gjennom åra.

TRAS og MIO er enkle kartleggingsverktøy for språk, omgrep og sosiale ferdigheter.

Personalet bruker TRAS som hjelpemiddel i oppfølging av det enkelte barn frå 2-3 årsalder og MIO det siste året i barnehagen. Skjema blir makulera når barnet slutter i barnehagen.

Samarbeid heim – barnehage

Godt samarbeid mellom foreldra og personalet er viktig for at barna skal trivast i barnehagen og for at dei skal få ei god utvikling.

Personalet har gjennom samtalar med foreldra fått det inntrykk at den beste arena for kontakt er det daglege møtet morgon og ettermiddag.

Bli ei stund i barnehagen dersom du har tid ein dag. Du kan ta ein kopp kaffi om morgonen eller bli med på samlingstunder og turar dersom du har høve til det.

I løpet av barnehageåret har vi 2-3 arrangement for foreldre og barn.

I foreldresamtaler blir barnet sitt utbytte av barnehage opphaldet drøfta.

Dersom det er noko du ikkje er fornøgd med, noko du lurar på eller noko du synast er bra, vil vi gjerne høyre det. Barnehagen skal tilpasse seg mange forskjellige heimar, ynsker og behov. Difor er vi avhengige av å høyre kva foreldra meiner for å gjere ein best mogeleg jobb.

Sjuka barn Folkehelseinstituttet har laga retningslinjer for barn og sjukdom i barnehagen.

Barnehagen følgjer desse. Du finn retningslinjene under barnehage og linken "sjuka barn og barnehage" på Seljord kommune sine nettsider.

Uteliv og klede: Vi legg vekt på å vere mykje ute. Så langt det let seg gjere kan barna velje når dei vil vere ute eller inne, men alle må vere ute i løpet av dagen. Ein dag i veka er det turdag og ein dag i veka lavvodag. Då er gruppa ute nesten heile dagen.

Det er difor viktig at barna har godt med uteklede og sko i forhold til årstida, regntøy og skifteklede med i barnehagen. Alle klede og sko må vere merka med namn.

Foreldreråd

Alle foreldra er medlemmer av foreldrerådet. Leiar og nestleiar blir vald for eitt år på foreldremøte i august/september.

Foreldrerådet skal vere eit forum der alle foreldra kan møtast og diskutere ynskjer og behov og kome med forslag til barnehagen.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldra, 2 representantar frå personalet og 1 representant frå eigar, dvs. ein politikar. Styrar er sekretær. Utvalet konstituerer seg sjølv på fyrste møte i september. Tilsette - og foreldrerepresentantane blir vald for eit år.

Samarbeidsutvalet skal vere med å drøfte barnehagen sitt innhald, fastsette årsplan og fremme kontakt mellom barnehagen og heimane.

Samarbeidspartnarar

Tussejuv og dei andre barnehagane i kommunen. Etter jul det året barna fyller 3 år byrjar samarbeidet med Tussejuv barnehage. Målet er at barna skal bli litt kjende med kvarandre før dei startar på skulen.

Spesialpedagog rettleiar personalet og fylgjer opp barn med spesielle behov.

Logoped rettleiar personalet, fylgjer opp barn med språkutfordringar.

Helsestasjonen (fysioterapeut, helsesyster). 3 åringane har eit lite opplegg med helsesyster i forkant av kontrollen.

PPT (pedagogisk psykologisk teneste). Rettleiing av personalet og hjelp til barn med spesielle behov.

Heddeli bu-og service senter og Nesbukti. 4 åringane besøker Heddeli og 5 åringane Nesbukti.

Skulane i Seljord (barneskulen, ungdomsskulen, vidaregåande) Utplassering av elevar.

USN, Universitetet i Sørøst-Norge. Vi har partneravtale med USN for barnehagelærarstudiet.